



Halsabrotet 83 vert seld innan kort tid.

Ein einebustad med adresse Halsabrotet 83 vert seld med det fyrste. Det føreligg takst og familien vil i denne omgang gjera salet kjend lokalt med innlegg på Uskedalen.no. Huset er bygd i 1977, ligg vestvendt til med mykje sol og vakker utsikt mot Skorpo, Storsund og Hardangerfjorden Einebustaden med carport er velhalden og det er opparbeidd hage.

Tomta med gards- og bruksnummer 123/229 har ein storleik på knappe 900 rutemeter. Sjølve huset har ei brutto golvflate på 169 rutemeter. På hovudplanet er det gang, kjøken, bad, soverom og stove. I toppetasjen finn du to rom m/ skråtak som har vore nytta til soverom, skap og to boder. I kjellaren er det tre soverom, bad, vaskerom og boder.

Huset ligg sentralt til Uskedalen, i eit veletablert og opparbeidd byggefelt. Det er gangavstand til butikk, skule, barnehage, idrettsanlegg, aktivitetshus, båthamn, bensinstasjon, badestrand og andre sentrumsfunksjonar. Det er merka turstiar til fjells og i nærrområde. Område rundt er godt eigna for friluftsliv, med fjellturar og båt- og kajakk/roturar på fjorden.

Dersom nokon ynskjer å sjå huset, ta kontakt med Jostein Grov/Brit Hallaråker på tfnr. 415 15 477.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Brit Hallaråker



Huset ligg vestvendt til med mykje sol og vakker utsikt mot Skorpo, Storsund og Hardangerfjorden.